

**SNF arbeidsnotat nr. 25/05**

**Organisasjonsforskning i Vest-Norge**

**Ei kartlegging av organisasjonsforskning  
frå Molde til Stavanger i perioden 2000-2004**

**Torstein Nesheim  
Paul G. Roness**

**SAMFUNNS- OG NÆRINGSLIVSFORSKNING AS  
BERGEN, APRIL 2005  
ISSN 1503-2140**

© Dette eksemplar er fremstilt etter avtale  
med KOPINOR, Stenergate 1, 0050 Oslo.  
Ytterligere eksemplarfremstilling uten avtale  
og i strid med åndsverkloven er straffbart  
og kan medføre erstatningsansvar.

## **Organisasjonsforskning i Vest-Norge**

Dette arbeidsnotatet byggjer på innspel frå kontaktpersonar på Vestlandet utanfor Bergen. Vi bad desse komma med opplysningar om mellom anna kva som utgjer dei viktigaste fagmiljøa/forskningsgruppene på staden, kven som er dei viktigaste fagpersonane, og sentrale publikasjonar frå 2000 og framover. Når det gjeld Bergen har vi sjølv stått for innsamling og utveljing av tilsvarande opplysningar i denne kartlegginga, på grunnlag av innspel frå kollegaer lokalt.

Det er ikkje mogleg å gi ein eintydig definisjon av organisasjonsfaget eller grensene for kva som er organisasjonsforskning. Vi har lagt ei inklusiv tilnærming til grunn, det vil seia at faget kan omfatta fleire analysenivå og forskning basert på ei rekkje disiplinar. Når det gjeld utvalet av publikasjonar har vi dels lagt vekt på fagleg kvalitet ved særleg å ta med bøker samt artiklar i internasjonale tidsskrift, og dels lagt vekt på at dei skal vera representative for forskingsverksemda dei enkelte stadene. På denne måten tar vi sikte på å få fram mangfaldet og breidda i organisasjonsforskninga i Vest-Norge. Sjølve arbeidsnotatet er ordna geografisk, der vi startar i nord og går sørover langs kysten. Til slutt kjem vi så med nokre oppsummerande kommentarar om hovudtrekk ved organisasjonsforskninga i denne landsdelen.

## **Møre og Romsdal**

Det største fagmiljøet i Møre og Romsdal finst i Molde. På Høgskolen i Molde høyrer de fleste organisasjonsforskarane til ved Institutt for samfunnsfag, der det er tre med doktorgrad frå UiB (administrasjon og organisasjonsvitskap), og også fleire andre med hovudfag derifrå. Sjølv om statsvitarar utgjer det organisasjonsfaglege tyngdepunktet, er det også eit par sosiologar og økonomar ved høgskolen som kan plasserast innanfor dette feltet. Enkelte av dei høgskoletilsette er også knytta til Møreforskning, særleg i faggruppa 'Samfunn, organisasjon og ledelse'.

Organisasjonsforskarar i Molde deltar i fleire nasjonale og internasjonale nettverk, mellom anna om organisering og leiding av helsesektoren og om innovasjons- og næringspolitikk. Det sistnemnte temaet kjem til dømes til uttrykk gjennom ei ny bok som er eit produkt av NFR-programmet 'Regional utvikling' (Arbo og Gammelsæter 2004). Harald Gammelsæter er også redaktør av ei bok om

høgskolereforma (Gammelsæter 2002), og medforfatter av ei av de få organisasjonsfaglege bøkene om idrettsorganisering (Gammelsæter og Ohr 2002).

Ved Høgskulen i Volda er det innslag av folk med organisasjonsfagleg tilknytting ved fleire institutt ved Avdeling for samfunnsfag (Institutt for planlegging og administrasjon og Institutt for sosialfag). Forskinga frå mellom anna Jørgen Amdam og Rolf Amdam gjeld særleg regionalpolitikk og kommunal organisering og leiing (t.d. Amdam, J. 2003, Amdam, R. 2004, Amdam og Amdam 2000, Amdam, R. og Bukve 2004). Også ved Høgskolen i Ålesund er det enkeltpersonar med ulik bakgrunn som underviser i organisasjon og leiing, men organisasjonsforskinga er nok noko svakare utbygd her enn ved dei to andre høgskolane i fylket.

## **Sogn og Fjordane**

Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er det ei gruppe tilsette ved Avdeling for økonomi og språk og nokre få kollegaer ved andre avdelingar som samarbeider tett innanfor dette området. Dei fleste av desse har bakgrunn frå administrasjon og organisasjonsvitenskap ved UiB, men gruppa omfattar også siviløkonomar og sosiologar. Gruppemedlemmene er i hovudsak knytta til HSF sitt masterstudium i organisasjon og leiing, bachelorstudiet i økonomi og administrasjon og sosialarbeidarutdanningane. Fleire av forskarane i gruppa arbeidde tidlegare ved Vestlandsforskning, men her blir det for tida utført lite samfunnsforskning.

Som i Volda står forskning om regionalpolitikk og kommunal organisering og leiing sentralt, og fleire nyare arbeid frå mellom anna Oddbjørn Bukve er også skrivne saman med forskarar der eller ved UiB (t.d. Amdam og Bukve 2004, Bukve og Offerdal 2002). Det går dessuten føre seg fleire organisasjonsfaglege prosjekt om mellom anna læring og kunnskapsutvikling (t.d. Glosvik 2002) og frivillige organisasjonar (t.d. Eikås og Selle 2002).

## **Norges Handelshøyskole (NHH) og Samfunns- og næringslivsforskning (SNF)**

Vi tar her for oss forskinga i NHH-miljøet. Vi avgrensar oss til tilsette i hovudstilling ved Institutt for strategi og ledelse (NHH) og Senter for strategi og ledelse (SNF). Inkludert doktorgradskandidatar utgjer dette fagmiljøet totalt om lag 65 personar. Instituttet er delt i fire faggrupper: organisasjon, strategi, informasjonsleiing og marknadsføring. I denne samanhengen er forskinga i dei to første gruppene mest relevante. Senteret har hovudtyngda på forskning innan organisasjonsstudiar og arbeidslivsforskning.

Vi har tatt utgangspunkt i artiklar i engelskspråklege vitenskaplege tidsskrift med referee. I tillegg kjem nokre bøker og bokkapittel, der utvalet er skjønsmessig. Somme av dei bidraga vi omtalar er relevante både for organisasjonsforskning og for tilgrensande fag(område), som strategi, leiing av menneskelege ressursar (HRM), leiing og arbeidssosiologi.

Organisasjonsforskninga ved NHH hadde ein vekst i 1980-åra, og framstod då som eit av dei førande miljøa nasjonalt. I denne perioden var mellom anna Torger Reve og Kjell Grønhaug sentrale fagpersonar. Dei siste 15 åra har forskinga vore prega av stor breidde, med bidrag innanfor ei rekkje tema og fagområde.

*Human Resource Management og internasjonal leiing.* Odd Nordhaug og Paul Gooderham har i løpet av perioden publisert ei rekkje artiklar og bøker innan internasjonal leiing og HRM. I ein teoretisk artikkel (Nordhaug 2004) analyserer ein kva bidrag økonomisk teori kan gi til fagområdet HRM. Nordhaug, Gooderham, Døving og Tobiassen (2003) studerer den rolla rekneskapsførarar og –byrå har som kjelde til ekstern kompetanse og råd for småbedrifter. Gooderham, Nordhaug, Ringdal og Birkelund (2004) har undersøkt kva betydning kjønn og sosial bakgrunn har for leiarane sine jobbrelevante verdiar. Gooderham og Nordhaug (2002) analyserer om kulturelle forskjellar i Europa blir reduserte over tid. Gooderham og Nordhaug (2003) har saman skriva boka "International Management: Cross-boundary Challenges in Management, Organization and Business". Gooderham og Ulset (2003) har på bakgrunn av foreliggende empiriske studiar utført ein kritisk test av tesen om 'beyond the M-form'.

*Organisatorisk læring og kreativitet.* Geir Kaufmann har publisert fleire arbeid som omhandlar betydninga av humørskifte eller 'moods' og kreativitet. Dette inkluderer eit kapittel (Kaufmann 2003a) i Elseviers "International Handbook of Innovation", og artiklar om omgrepet kreativitet (Kaufmann 2003b), om forholdet mellom kreativitet og 'moods' (Kaufmann 2003c), om 'moods' og ideskaping (Kaufmann og Vosberg 2002), og om forhold som påverkar hukommelse og tillit i samband med vedtak (Kuvås og Kaufmann 2004). Kuvås og Selart (2004) har analysert samanhengen mellom haldningar, kognitiv prosessering og evaluering.

Erik Døving (2000) si doktorgradsarbeid tar for seg determinantar for kompetanseutvikling på fleire nivå i ein organisasjon. Rune Lines (2004a) utviklar eit emosjonelt perspektiv på organisatorisk læring. Det blir argumentert for at læring blir påverka gjennom tileigning av kunnskap, tolking og distribusjon av informasjon og gjennom å påverka organisatorisk minne. I andre artiklar tar han for seg kva innverknad deltaking har på ulike sider ved strategisk endring (Lines 2004b, Lines under utgiving), organisatorisk læring ved strategisk reorientering (Lines, Johansen og Døving 2004) og kva innverknad haldningar har på organisatoriske endringar (Lines (2005). Bjarne Espedal har i flere arbeid analysert ulike sider ved organisatorisk læring og leiarutvikling (t.d. Espedal 2004).

*Byråkrati, fleksibilitet og leiing.* Tom Colbjørnsen si tese i boka "Forutsigbarhet og fleksibilitet" (2003) er at verksemdene treng byråkratiske mekanismar (som bidreg til forutsigbarhet), og at fleksibel organisering primært vil supplera og modifisera tradisjonelle former for bedriftsorganisering. Det blir utvikla ein normativ teori som tar for seg organisasjonsform, forholdet mellom verksemd og tilsett, og kva rolle partssamarbeidet spelar. Colbjørnsen har også gjennomført ei større undersøkjing av norske leiarar (Colbjørnsen 2004).

*Tilknytingsformer for arbeid.* Torstein Nesheim og Karen Modesta Olsen har i fleire arbeid studert bedriften sine grenser og bruken av atypiske tilknytingsformer for arbeid. I Nesheim (2002) blir det analysert kva betydning nasjonale institusjonelle omgivelsar har for bruken av tidsavgrensa tilsetjingar og innleige av arbeidskraft. Olsen og Kalleberg (2004) samanliknar bruken av atypiske tilknytingsformer i Norge og USA. Nesheim (2003a) analyserer determinantar for bruk av tidsavgrensa tilsetjingar og innleige av arbeidskraft. I Nesheim (2003b) blir bruk av ekstern arbeidskraft i bedriftens kjerneområde studert. Kalleberg og Rognes (2000) har analysert ei rekkje aspekt ved tilsetjingsforhold i en empirisk artikkel.

*Nettverk og interorganisatoriske relasjoner.* Arent Greve har i fleire studiar sett på sammenhengen mellom sosiale nettverk og entrepenørskap (m.a. Salaff og Greve 2003a) og strukturelle barrierar for immigranter i arbeidsmarknaden (Greve, Salaff og Xu 2002, Salaff og Greve 2003b). Nesheim (2001) analyserer kvifor bedrifter nyttar eksterne leverandørar innan hovudverksemda. Aksel Rokkan og Sven Haugland sine arbeid er også relevante for organisasjonsfeltet, sjølv om forfatarane er mest orientert mot faget marknadsføring (Rokkan og Haugland 2002, Nygaard, Haugland og Rokkan 2000).

*Strategisk endring.* Innan dette området har Christine Meyer (2001) analysert fordelings- og rettferdsspørsmål ved fusjonar og oppkjøp. Inger Stensaker (2002) si doktorgradsavhandling ser på iverksetjing av strategiske endringar. Falkenberg, Stensaker og Meyer (2004) har studert mekanismar for å handtera omfattande endringar og kva konsekvensar dette har. Falkenberg (2002) har analysert strategifaget i artikkelen "Strategy: From prescriptions to propositions".

*Forhandlingar i organisasjonar.* Jørn Rognes og Vidar Schei arbeider primært med forhandlingar med eit organisasjonspsykologisk utgangspunkt. I Schei og Rognes (2003) blir det analysert kva betydning eigen orientering og kunnskap om forhandlingspartnaren si orientering har for forhandlingsutfallet. Rognes og Sky (2003) har studert ulike intervensjonsmetodar i konflikhtar.

Kjell Grønhaug har halde fram med å skrive arbeid som er relevante for organisasjonsfaget, som analysen av kva som er ein effektiv prosjektorganisasjon (Kolltveit og Grønhaug 2002), ein studie av utbreiding (Hellesøy, Grønhaug og Kvitastein 2000), utvikling av verktøy for måling av organisatorisk læring (Fuglseth og Grønhaug 2003), analyse av samanhengen mellom usikkerhet, fleksibilitet og konkurransefortrinn (Dreyer og Grønhaug 2004), analyse av barrierar for iverksetjing av strategi (Grønhaug, Heide og Johannessen 2002) og ein studie av effekten av deregulering for bruk av ulike HRM verkemidlar i norsk energisektor (Nybø, Grønhaug og Mikkelsen 2002). I tillegg kjem boka "Research Methods in the Business Sciences" (Grønhaug og Ghauri 2002).

## Universitetet i Bergen

Ved Universitetet i Bergen er organisasjonsforskinga fordelt på fleire universitetsinstitutt og Rokkansenteret. Det er en del overlapping når det gjeld personar og prosjekt mellom institutta og randsonesenteret.

Av universitetsinstitutta står organisasjonsforskinga særleg sterkt ved Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap. Dette instituttet har i dag 19 fast tilsette, og i tillegg er det vel 30 doktorgradskandidater ved instituttet, ved Rokkansenteret, eller ved høyskolar og forskingsinstitusjonar andre stader i Norge. Administrasjon og organisasjonsvitenskap er eit spesialisert statsvitenskapleg fag, der det blir lagt vekt på eit demokratiteoretisk og organisasjonsteoretisk perspektiv på studiet av offentleg politikk og forvaltning. Dette verkar styrande på val av tema, og også på kva for problemstillingar forskinga tar utgangspunkt i. Somme forskingstema er sektororienterte, som til dømes bistandsforvaltning, miljøvernpolitikk og utdanningspolitikk. Andre tema er sektoroverskridande, som til dømes statleg forvaltningspolitikk, lokalstyre, europeisering og studiar som fokuserer på leining, profesjonar, samt iverksetjing, endring og læring i organisasjonar meir allment.

Ved Sosiologisk institutt er den faglege verksemda konsentrert om fire profilerte område, der organisasjonsforskinga særleg er knytta til området 'Arbeid, kunnskap og utdanning'. Ved Institutt for samanliknande politikk er det særleg forskinga om frivillige organisasjonar som har tilknytting til organisasjonsfaget. Også ved andre institutt ved Det samfunnsvitenskaplege fakultetet (informasjons- og medievitenskap, sosialantropologi og økonomi) og ved Institutt for samfunnspsykologi ved Det psykologiske fakultetet er det eit visst innslag av forsking som kan høyra inn under organisasjonsfaget, men desse forskarane reknar seg nok i endå større grad som tilhøyrande sine disiplinar enn som organisasjonsforskarar.

Rokkansenteret er ei avdeling i UNIFOB AS, Universitetsforskning i Bergen. Forskinga ved senteret er organisert i eksternt finansierte prosjekt, forankra i fire tematisk orienterte grupper. Organisasjonsforsking står særleg sentralt innanfor tre grupper: 'Helseøkonomi, organisasjon og ledelse', 'Kultur, teknologi og arbeid' og 'Demokrati, makt og forvaltning'. Desse gruppene er tverrfagleg samansett, mellom anna med statsvitarar i alle dei tre nemnde gruppene, sosiologar i dei to første, historikarar i dei to siste og økonomar i den første. Talet på fast tilsette forskarar ved senteret med doktorgrad har auka sterkt dei siste åra, og det er også mange

stipendiatar ved senteret som er doktorgradskandidatar ved universitetsinstitutt. Mange av prosjekta ved senteret, der tilsette ved universitetsinstitutta gjerne deltar som leiarar eller medarbeidarar saman med forskarar tilsett ved Rokkansenteret, analyserer aktuelle reformer i offentleg sektor, som til dømes sjukehusreforma, kvalitetsreforma i høgre utdanning, og reformer knytta til tilsyn, kontroll og regulering. Desse prosjekta har dels som siktemål å beskriva og forklara forløp og utfall av reformprosessane, men også å analysa og evaluera effektar av reformene. Dessuten inngår dei gjerne i meir omfattande forskingsnettverk nasjonalt og internasjonalt. Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Sosiologisk institutt og Rokkansenteret har også utvikla eit tverrfagleg samarbeid om profesjonar og kunnskapsutvikling, som del av eit internasjonalt nettverk.

Når det gjeld publikasjonar har forskarar ved Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap dei siste åra bidratt dels gjennom oppsummeringar av forskingsstatus på aktuelle område og dels gjennom sektororienterte eller sektoroverskrideade organisasjonsanalysar. Av sentrale bidrag kan nemnast boka ”Ledelse, organisasjon og kultur” av Torodd Strand (2001) som syntetiserer eiga og andre si forskning om leiing, organisasjon og kultur. Dessutan har Per Læg Reid og Paul G. Roness nyleg bidratt i eit oversiktsverk om betydninga av organisasjonsforhold i norsk offentleg forvaltning (Christensen, Egeberg, Larsen, Læg Reid og Roness 2002), og i ei bok om ein (eigen) organisasjonsteori for offentleg sektor (Christensen, Læg Reid, Roness og Røvik 2004).

Mange av dei bøkene som er utgitt på utanlandske forlag, spring ut av tematisk orienterte internasjonale forskingsnettverk der forskarar ved Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap har vore sentrale. Det gjeld mellom anna innanfor europeisering (Eriksen og Fossum 2000, Eriksen, Fossum og Menendez 2003, 2004), utdanningspolitikk (Kogan, Bauer, Bleiklie og Henkel 2000), biomedisin (Bleiklie, Goggin og Rothmayr 2004) og tillitsutvikling i det sørlege Afrika (Askvik og Bek 2005). I det siste er det også skriva fleire bøker og/eller internasjonale publikasjonar om ’good governance’ (t.d. Appiah, Chimanikire og Gran 2004, Halvorsen og Michelsen 2002), om reformer i høgre utdanning i Norge og internasjonalt (t.d. Bleiklie 2003, Bleiklie og Byrkjeflot 2002, Bleiklie og Høstaker 2004, Bleiklie, Høstaker og Vabø 2000, Michelsen og Halvorsen 2002), om administrativ kultur (Jamil 2002a, 2002b), om lokalstyre (t.d. Fimreite, Larsen og Aars 2001), om foretaksleiing (t.d. Byrkjeflot 2003) og om landreform (Gran 2002).



Det er likevel særleg om statleg forvaltningspolitikk at bokproduksjonen og den internasjonale tidsskriftpubliseringa har vore stor. Per Læg Reid har vore medredaktør for og sentral bidragsytar i fleire bøker med fokus på New Public Management (Christensen og Læg Reid 2001a, 2002a) og europeisering av statsforvaltninga (Jacobsson, Læg Reid og Pedersen 2001, 2003). I dei siste åra har han dessutan aleine eller saman med kollegaer lokalt, nasjonalt og internasjonalt publisert ei rekkje artiklar i internasjonale tidsskrift om slike tema (t.d. Christensen og Læg Reid 2001b, 2002b, 2003a, 2003b, 2003c, 2004, Christensen, Læg Reid og Roness 2002, Christensen, Læg Reid og Wise 2002, Læg Reid 2000, Læg Reid, Steinthorsson og Thorallson 2004). Også Paul G. Roness har publisert nokre artiklar om statlege forvaltningsreformer i internasjonale tidsskrift, dels om tenestemannsorganisasjonane sin medverknad (Roness 2004), og dels om medverknad frå parlament (Roness 2001).

Aktuelle publikasjonar frå forskarar ved Sosiologisk institutt omfattar mellom anna arbeidslivsrelasjonar og økonomiske aktørar (t.d. Heiret, Korsnes, Venneslan og Bjørnson 2003, Korsnes 2000) og fagopplæring og yrkesutdanning (t.d. Olsen 2004). I tilknytting til Institutt for samanliknande politikk er det skrive fleire bøker og/eller internasjonale artiklar om frivillige organisasjonar, med fokus på miljøvernorganisasjonar (Bortne, Grendstad, Selle og Strømsnes 2001, Bortne, Selle og Strømsnes 2002), på demokrati (Selle og Strømsnes 2001, Wollebæk og Selle 2002a), på sosial kapital (Wollebæk og Selle 2002b), og på kvinner og velferdsstaten (Berven og Selle 2001).

## **Haugesund**

Ved Høgskolen Stord/Haugesund, avdeling Haugesund er det nå to personar med doktorgrad innanfor organisasjonsfag (Heyerdahl 2004, Langåker 2002). Fokus på forskinga er særleg sikkerhetsorganisering.

## Stavanger

Organisasjonsforskninga er fordelt mellom Rogalandforskning (RF) og Universitetet i Stavanger (UiS). Desse fagmiljøa er også til dels tett integrerte.

RF er eit oppdragsbasert og empirisk orientert institutt. Det samfunnsvitskaplege fagmiljøet er plassert i Senter for samfunns- og næringsutvikling. Miljøet er fleirfagleg og studerer organisasjonar med utgangspunkt i ei rekkje ulike disiplinar. Senteret utfører i dag 46 årsverk fordelt på 70 medarbeidarar. Følgjande fagområde og disiplinar inngår: psykologi, sosiologi, administrasjon og organisasjonsvitenskap, antropologi, pedagogikk, statsvitenskap, filosofi, helsefag, sosialt arbeid, samfunnsgeografi, historie, økonomi, agronomi, petroleumsteknologi, sikkerhet, pålitelighet og fleire ingeniørfag, særleg innanfor organisasjon og arbeidsliv. Halvparten av medarbeidarane har doktorgrad (26) eller er i gang med doktorgradsarbeid (9).

Forskningsgruppa 'Organisasjon, planlegging og styring' har offentleg politikk og forvaltning som sine viktigaste forskingsfelt. I tillegg er det medarbeidarar som har regional utvikling og planlegging, innovasjon og teknologiutvikling som sine forskingsområde. Det er flest statsvitarar i forskningsgruppa, men også sosiologar, økonomar og dr. ingeniører. Døme på arbeid frå denne gruppa er undersøkingar av organisering og reformer i offentleg sektor (Opedal, Stigen og Laudal 2003, Opedal og Stigen 2005), organisasjonsforhold i Stortinget (Rommetvedt 2003), forholdet mellom interesseorganisasjonar, politikk og forvaltning (Rommetvedt 2002 a, 2002b, Mangset og Rommetvedt 2002) og innovasjonsprosessar i etablerte foretak (Gjelsvik 2004).

Forskningsgruppa 'Arbeidsliv og verdiskaping' utfører forskning og evaluering knytta til arbeidslivet. Aktivitetane er retta mot sikkerhet, arbeidsmiljø og helse, leiing og kompetanseutvikling, og omstilling i bedrifter og offentleg sektor. Arbeidslivsforskninga dekkjer fag som sosiologi, antropologi, etnologi, pedagogikk, psykologi og helsefag. Preben Lindøe og Sverre Nesvåg har mellom anna analysert omstillingserfaringar i Oljedirektoratet (Lindøe 2003a), studert utvikling av verksemdar (Lindøe 2003b, Nesvåg 2002) og analysert fallgruver i følgjeforskning (Lindøe, Mikkelsen og Olsen 2002).

Forskningsgruppa 'Nærings- og bedriftsutvikling' utfører såkalla forskingsbasert rådgiving for bedrifter. Her inngår rådgiving i forhold til strategiprosessar, bruk av IKT og omstillingsprosessar. Det blir også utført andre forskingsaktivitetar, først og fremst innan feltet Innovasjon i bedriftsnettverk og regionale partnerskap. Tor Claussen (2000) reflekterer over vilkåra for demokrati i arbeidslivet med utgangspunkt i Habermas og Rawls sine teorier. Tor Tønnessen (2003) har analysert innovasjon gjennom brei medarbeidardeltaking.

I følge interne oversikter har forskarane frå dei tre forskingsgruppene frå 1.1.2000 fram til hausten 2004 publisert i alt 50 internasjonale artiklar (med referee), 21 nasjonale artiklar (med referee), 19 bøker, 47 bidrag i bøker, 141 forskingsrapportar og 219 andre rapportar/arbeidsnotat. I tillegg er det lagt fram om lag 100 papers på nasjonale og internasjonale konferansar.

Når det gjeld Universitetet i Stavanger er det fagmiljøa knytta til leining av endring, master- og doktorgradsutdanninga i samfunnssikkerhet og risikostyring, og hotell- og resturantleining som er dei sentrale miljøa. Ein er i ferd med å byggja opp ei doktorgradsutdanning innan 'Ledelse, innovasjon og samfunnsansvar'. Ein reknar med å vera i gang med denne utdanninga våren 2005 med 6-7 stipendiatar. Doktorgradsutdanninga i samfunnssikkerhet og risikostyring har 10 stipendiatar.

Nybø, Grønhaug og Mikkelsen (2002) har studert effekten av deregulering på HRM i norsk energisektor. Mikkelsen har også skriva ei rekkje psykologisk orienterte arbeid som omhandlar helse, arbeidsmiljø, stress og sikkerhet. Her inngår mellom anna ei samanlikning av to paradigme i analysen av jobbdesign og helse (Mikkelsen 2000), analyse av betydninga av kontekst og individuelle meistringsstrategiar for helse, stress og jobbtilfredsstilling (Mikkelsen, Øgaard og Lovrich (2002) og analyse av jobbkjenneteikn og 'computerangst' (Mikkelsen, Øgaard, Lindøe og Olsen 2002).

Einar Marnburg har flere arbeid om etikk; om effekter av utdanning på moralske vurderingar (Marnburg 2003), om bruk av teori om moralsk utvikling (Marnburg 2001) og effekten av etiske retningsliner (Marnburg 2000).

Geir Nybø har i to arbeid studert organisatorisk kompetanse. I Nybø (2004) blir det utvikla eit kompetansebasert perspektiv for personalutvikling når jobbar "blir oppløyst", i Aase og Nybø (under utgiving) blir organisatorisk kompetanse i høg-risikobransjar analysert.

## Oppsummering

Sett under eitt kjem det fram eit bilete av ei ganske mangfaldig organisasjonsforskning på Vestlandet med omsyn til fag, analysenivå, metodar og grunn- vs. anvendt forskning. Mange stader ser det ut til å vera eit fruktbart samspel lokalt mellom basisinstitusjonar og oppdragseiningar. Når det gjeld innhaldet av forskinga kjem det fram to tyngdepunkt. Det eine omfattar statsvitarar ved eller med bakgrunn i administrasjon og organisasjonsvitskap (UiB), som fokuserer på offentleg sektor og gjerne er skeptiske til økonomiske modellar. Mange nasjonale prosjekt om aktuelle reformer i offentleg sektor omfattar også folk frå fleire miljø, til dømes i den tidlegare evalueringa av høgskolereforma (sjå m.a. Gammelsæter 2002, Michelsen og Halvorsen 2002) og det pågåande prosjektet om organisering og leiing i sjukehussektoren. Det andre tyngdepunktet omfattar organisasjonsforskarar ved eller med bakgrunn i NHH, som er orienterte mot bedrifter, kvantitative metodar og Academy of Management. Dessutan er det verdt å merka seg at det i tilknytting til det nye Universitetet i Stavanger skjer ei mangfaldig organisasjonsforskning.

## Referansar

- Amdam, Jørgen, 2003. "Structure and Strategy for Regional Learning and Innovation - Challenges for Regional Planning", *European Planning Studies* (11): 439-460.
- Amdam, Jørgen og Roar Amdam, 2000. *Kommunikativ planlegging. Regional planlegging som reiskap for organisasjons- og samfunnsplanlegging*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Amdam, Roar, 2004. "Spatial County Planning as a Regional Legitimizing Process", *European Journal of Spatial Development*: 1-22.
- Amdam, Roar og Oddbjørn Bukve (red.), 2004. *Det regionalpolitiske regimeskiftet - tilfellet Noreg*. Trondheim: Tapir.
- Appiah, Francis, Donald P. Chimanikire og Thorvald Gran (red.), 2004. *Professionalism and Good Governance in Africa*. Oslo: Abstrakt.
- Arbo, Peter og Hallgeir Gammelsæter (red.), 2004. *Innovasjonspolitikken scenografi. Nye perspektiver på næringsutvikling*. Trondheim: Tapir.
- Askvik, Steinar og Nelleke Bek (red.), 2005. *Trust in Public Institutions in South Africa*. Aldershot: Ashgate.
- Berven, Nina og Per Selle (red.), 2001. *Svekket kvinnemakt? De frivillige organisasjonene og velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bleiklie, Ivar, 2003. "Hierarchy and Specialization. On institutional integration of higher education systems", *European Journal of Education* (38): 341-355.
- Bleiklie, Ivar og Haldor Byrkjeflot, 2002. "Changing Knowledge Regimes - Universities in a New Research Environment", *Higher Education* (12): 327-348.
- Bleiklie, Ivar, Malcolm Goggin og Christine Rothmayr, 2004. *Comparative Biomedical Policy: Governing Assisted Reproductive Technologies*. London: Routledge.
- Bleiklie, Ivar og Roar Høstaker, 2004. "Modernizing Research Training-Education and Science Policy Between Profession, Discipline and Academic Institution", *Higher Education Policy* (17): 221-236.
- Bleiklie, Ivar, Roar Høstaker og Agnete Vabø, 2000. *Policy and practice in higher education*. London: Jessica Kingsley.
- Bortne, Øystein, Gunnar Grendstad, Per Selle og Kristin Strømsnes, 2001. *Norsk miljøvernorganisering mellom stat og lokalsamfunn*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Bortne, Øystein, Per Selle og Kristin Strømsnes, 2002. *Miljøvern uten grenser?* Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bukve, Oddbjørn og Audun Offerdal (red.), 2002. *Den nye kommunen. Kommunal organisering i endring.* Oslo: Det Norske Samlaget.
- Byrkjeflot, Haldor, 2003. "Nordic Management: From Functional Socialism to Shareholder Value?" i Barbara Czarniawska og Guje Sevón (red.): *The Northern Lights – Organization theory in Scandinavia.* Malmö: Liber.
- Christensen, Tom, Morten Egeberg, Helge O. Larsen, Per Lægreid og Paul G. Roness, 2002. *Forvaltning og politikk.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Christensen, Tom og Per Lægreid (red.), 2001a. *New Public Management. The transformation of ideas and practice.* Aldershot: Ashgate.
- Christensen, Tom og Per Lægreid, 2001b. "New Public Management. The effects of contractualism and devolution on political control", *Public Management Review* (3): 73-94.
- Christensen, Tom og Per Lægreid, 2002a. *Reformer og lederskap. Omstilling i den utøvende makt.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Christensen, Tom og Per Lægreid, 2002b. "New Public Management - Puzzles of Democracy and the Influence of Citizens", *Journal of Political Philosophy* (10): 267-296.
- Christensen, Tom og Per Lægreid, 2003a. "Administrative Reform Policy: The Challenges of Turning Symbols into Practice", *Public Organization Review* (3): 3-28.
- Christensen, Tom og Per Lægreid, 2003b. "Coping with modern leadership roles - the problematic redefinition of public companies", *Public Administration* (81): 803-831.
- Christensen, Tom og Per Lægreid, 2003c. "Complex interaction and influence among political and administrative leaders", *International Review of Administrative Sciences* (69): 385-400.
- Christensen, Tom og Per Lægreid, 2004. "Governmental autonomisation and control: The Norwegian way", *Public Administration and Development* (24): 129-135.
- Christensen, Tom, Per Lægreid og Paul G. Roness, 2002. "Increasing Parliamentary Control of the Executive? New Instruments and Emerging Effects", *Journal of Legislative Studies* (8): 37-62.
- Christensen, Tom, Per Lægreid, Paul G. Roness og Kjell Arne Røvik, 2004. *Organisasjonsteori for offentlig sektor. Instrument, kultur, myte.* Oslo: Universitetsforlaget.

- Christensen, Tom, Per Læg Reid og Lois R. Wise, 2002. "Transforming Administrative Policy", *Public Administration* (80): 153-170.
- Claussen, Tor, 2000. "Et bidrag til arbeidslivets filosofi. Noen refleksjoner over betingelsene for demokrati i arbeidslivet på bakgrunn av Rawls og Habermas", *Norsk Filosofisk Tidsskrift* (35).
- Colbjørnsen, Tom, 2003. *Flexibilitet og forutsigbarhet. Arbeid og organisasjon i endring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Colbjørnsen, Tom, 2004. *Ledelse og lederskap*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Dreyer, Bent og Kjell Grønhaug, 2004. "Uncertainty, flexibility and sustained competitive advantage", *Journal of Business Research* (57): 484-494.
- Døving, Erik, 2000. *Acquisition of competences in the workplace: Human resource development in Statoil*. Bergen: Norges Handelshøyskole, doktorgradsavhandling.
- Eikås, Magne og Per Selle, 2002. "A Contract Culture even in Scandinavia?", *Non-Profit and Civil Society Studies*: 47-75.
- Eriksen, Erik Oddvar og John Erik Fossum (red.), 2000. *Democracy in the European Union - Integration through Deliberation?* London: Routledge.
- Eriksen, Erik O., John Erik Fossum og Agustin José Menendez (red.), 2003. *The Chartering of Europe*. Baden-Baden: NOMOS.
- Eriksen, Erik O., John Erik Fossum og Agustin José Menendez (red.), 2004. *Developing a Constitution for Europe*. London: Routledge.
- Espedal, Bjarne, 2004. "Management and leadership development in Norway: Discrepancies between talk and action", *Advances in Developing Human Resources* (6): 470-485.
- Falkenberg, Joyce, 2002. "Strategy: From prescriptions to propositions", *European Business Forum* (9): 29-36.
- Falkenberg, Joyce, Inger Stensaker og Christine Meyer, 2004. "When change becomes excessive", *Research in Organizational Change and Development*.
- Fimreite, Anne Lise, Helge O. Larsen og Jacob Aars (red.), 2001. *Lekmannsstyre under press. Festskrift til Audun Offerdal*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Fuglseth, Anne Mette og Kjell Grønhaug, 2003. "A tool kit for the measurement of organizational learning: Methodological requirements and an illustrative example", *Journal of Universal Computer Science* (9): 1487-1500.

- Gammelsæter, Hallgeir (red.), 2002. *Høgskoler til besvær. Når statlige reformer møter lokale institusjoner og ambisjoner*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Gammelsæter, Hallgeir og Frode Ohr, 2002. *Kampen uten ball. Om penger, ledelse og identitet i norsk fotball*. Oslo: Abstrakt.
- Gjelsvik, Martin (red.), 2004. *Radikale innovasjoner i etablerte foretak*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Glosvik, Øyvind, 2002. "Om læring på ulike nivå i organisasjoner", *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift* (22): 117-141.
- Gooderham, Paul og Odd Nordhaug, 2002. "Are cultural differences in Europe on the decline", *European Business Forum* (2): 48-53.
- Gooderham, Paul og Odd Nordhaug, 2003. *International Management: Cross-Boundary Challenges in Management, Organization and Business*. Oxford: Blackwell.
- Gooderham, Paul, Odd Nordhaug, Kristen Ringdal og Gunn Birkelund (2004). "Job values among future business leaders: The impact of gender", *Scandinavian Journal of Management* (20): 277-295.
- Gooderham, Paul og Svein Ulset, 2003. "Beyond the M-form: Towards a critical test of the new form", *International Journal of the Economics of Business* (9): 117-138.
- Gran, Thorvald, 2002. "Land Reform and Trust in South Africa", *International Review of Administrative Sciences* (68): 419-440.
- Greve, Arent, Janet W. Salaff og Lynn Xu, 2002. "Paths into the economy: Structural barriers and job hunt for skilled PRC Migrants in Canada", *International Journal of Human Resource Management* (13): 1-15.
- Grønhaug, Kjell og Pervez Ghauri, 2002. *Research methods in business studies*. Essex: Prentice Hall/Pearson Education.
- Grønhaug, Kjell, Morten Heide og Simen Johannessen, 2002. "Exploring barriers to successful implementation of a formulated strategy", *Scandinavian Journal of Management* (18): 217-231.
- Halvorsen, Tor og Gunnar Guddal Michelsen, 2002. "Good Governance and Public Sector Reform. The Human Rights Consequences of Structural Adjustment Programmes", i Hans-Otto Sano og Gudmundur Alfredsson (red.): *Human Rights and Good Governance*. Haag: Martinus Nijhoff.
- Heiret, Jan, Olav Korsnes, Knut Venneslan og Øyvind Bjørnson, 2003. *Arbeidsliv, historie, samfunn. Norske arbeidslivsrelasjoner i historisk, sosiologisk og arbeidsrettslig perspektiv*. Bergen: Fagbokforlaget.



- Hellesøy, Odd, Kjell Grønhaug og Olav Kvitastein, 2000. "Burnout: Conceptual issues and empirical findings from a new research setting", *Scandinavian Journal of Management* (16): 233-247.
- Heyerdahl, Torbjørn S., 2004. A New Gas World. Administration of Gas Trade in the North Sea. Bergen: Norges Handelshøyskole, doktorgradsavhandling.
- Jacobsson, Bengt, Per Lægred og Ove K. Pedersen (red.), 2001. *Europaveje. EU i de nordiske centralforvaltninger*. København: Jurist- og Økonomforbundets Forlag.
- Jacobsson, Bengt, Per Lægred og Ove K. Pedersen, 2003. *Europeanization and Transnational States: Comparing Nordic Central Governments*. London: Routledge.
- Jamil, Ishtiaq, 2002a. "Administrative Culture in Bangladesh: tensions between Tradition and Modernity", *International Review of Sociology* (12): 93-125.
- Jamil, Ishtiaq, 2002b. "The Normative Roots of Administrative Culture in Bangladesh", *Journal of South Asian and Middle Eastern Studies* (26): 93-125.
- Kalleberg, Arne og Jørn Rognes, 2000. "Employment relations in Norway: Some dimensions and correlates", *Journal of Organizational Behavior* (21): 315-335.
- Kaufmann, Geir, 2003a. "The effect of mood on creativity in the innovation process", i Larissa V. Shavinina (red.): *The International handbook on innovation*. Amsterdam: Elsevier Science.
- Kaufmann, Geir, 2003b. "What to measure? A new look at the concept of creativity", *Scandinavian Journal of Educational Research* (47): 235-251.
- Kaufmann, Geir, 2003c. "Expanding the mood-creativity equation", *Creativity Research Journal* (15): 131-135.
- Kaufmann, Geir og Suzanne Karen Vosburg, 2002. "The effect of mood on early and late idea production", *Creativity Research Journal* (14): 317-330.
- Kolltveit, Bjørn og Kjell Grønhaug, 2002. "What is an effective Project organization", *Project Management* (8): 40-47.
- Kogan, Maurice, Marianne Bauer, Ivar Bleiklie og Mary Henkel (red.), 2000. *Transforming Higher Education. A Comparative Study*. London: Jessica Kingsley.
- Korsnes, Olav, 2000. "Towards a relational approach to the study of variety in the situated creativity of economic actors", i Marc Maurice og Arndt Sorge (red.): *Embedded Organizations. Societal Analysis of Actors, Organizations and Socio-Economic Context*. Amsterdam: Johns Benjamins.

- Kuvås, Bård og Geir Kaufman, 2004. "Impact of mood, framing and need for cognition on decision maker recall and confidence", *Journal of Behavioral Decision Making* (17): 59-74.
- Kuvås, Bård og Marcus Selart, 2004. Effects of attribute framing on cognitive processing and evaluation". *Organizational Behavior and Human Decision Processes* (95): 198-207.
- Langåker, Lise, 2002. Reframing Organisational Safety: A Multiperspective Approach. Bath: University of Bath, PhD Dissertation.
- Lindøe, Preben, 2003a. *Omstillingserfaringer i Oljedirektoratet*. Stavanger: RF Rapport 170/230.
- Lindøe, Preben, 2003b. "Udvikling av virksomheder", *Tidsskrift for arbeidsliv* (4).
- Lindøe, Preben, Aslaug Mikkelsen og Odd Einar Olsen, 2002. "Fallgruver i følgeforskning", *Tidsskrift for samfunnsforskning* (43): 191-218.
- Lines, Rune, 2004a. "Heating up learning in organizations: An organizational perspective", *BETA* (18).
- Lines, Rune 2004b. "Influence of participation in strategic change: Resistance, organizational commitment and change goal achievement", *Journal of Change Management* (4): 193-215.
- Lines, Rune, 2005. "The structure and function of attitudes towards organizational change", *Human Resource Development Review* (2): 1-25.
- Lines, Rune, under utgiving. "How do social accounts and participation during change affect organizational learning", *Journal of workplace learning*.
- Lines, Rune, Svein T. Johansen og Erik Døving, 2004. "Organizational learning in the context of strategic reorientation", *Journal of Information & Knowledge Management* (3): 199-212.
- Lægred, Per, 2000. "Top Civil Servants under Contract", *Public Administration* (78): 879-896.
- Lægred, Per, Runolfur Smari Steinthorsson og Baldur Thorhallson, 2004. "Europeanization of Central Government Administration in the Nordic States", *Journal of European Common Market Studies* (42): 347-369.
- Mangset, Per og Hilmar Rommetvedt (red.), 2002. *Idrett og politikk – kampsport eller lagspill?* Bergen: Fagbokforlaget.
- Marnburg, Einar, 2000. "The Behavioural Effects of Corporate Ethical Codes: Empirical Findings and Discussion", *Business Ethics. A European Review* (9): 200-210.

- Marnburg, Einar, 2001. "The Questionable Use of Moral Development Theory in Studies of Business Ethics. Empirical findings and discussion", *Journal of Business Ethics* (32): 275-283.
- Marnburg, Einar, 2003. "Educational impacts on academic business practitioner's moral reasoning and behaviour: effects of short courses in ethics or philosophy", *Business Ethics: A European Review* (12): 403-413.
- Meyer, Christine, 2001. "Allocation processes in mergers and acquisitions", *British Journal of Management* (12): 47-66.
- Michelsen, Svein og Tor Halvorsen (red.), 2002. *Faglige forbindelser. Profesjonsutdanning og kunnskapspolitik etter høgskolereformen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Mikkelsen, Aslaug, 2000. "Work design and health: Two paradigms contrasted", i M. Vartiainen, F. Avalloni. og N. Anderson (red.): *Innovative theories, tools and practices in work and organizational psychology*. Seattle: Hogrefe & Huber Publishers.
- Mikkelsen, Aslaug, Torvald Øgaard og Nicholas Lovrich, 2000. "Modelling the effects of organizational setting and individual coping style on employee subjective health, job stress, job satisfaction and commitment: Findings from a study of two public service agencies in Norway", *Public Administration Quarterly* (24): 371-397.
- Mikkelsen, Aslaug, Torvald Øgaard, Preben Lindøe og Odd Einar Olsen, 2000. "Job characteristics and computer anxiety in the production industry", *Computers in Human Behavior* (18): 223-239.
- Nesheim, Torstein, 2001. "Externalization of the core: Antecedents of collaborative relationships with suppliers", *European Journal of Purchasing and Supply Management* (7): 217-225.
- Nesheim, Torstein, 2002. "National employment regimes and firms' staffing arrangements: Insights gained from comparing Norway as an 'idealtypical case' with the United States and the United Kingdom", *International Journal of Comparative Labour Law and Industrial Relations* (18): 299-314.
- Nesheim, Torstein, 2003a. "Short-term hires and leased personnel in Norwegian firms: Promoting numerical flexibility and stability", *Scandinavian Journal of Management* (19): 309-331.
- Nesheim, Torstein, 2003b. "External work arrangements in the core of the firm", *European Management Journal* (21): 528-537.
- Nesvåg, S., Laudal, T. & Lindøe, P. (2002): *Oljedirektoratet mellom politikk, forvaltning og moderne organisasjonstenkning*. RF 2002/195

- Nordhaug, Odd, 2004. "Contributions to an economic theory of Human Resource Management", *Human Resource Management Review* (14): 407-420.
- Nordhaug, Odd, Paul Gooderham, Erik Døving og Anita Ellen Tobiassen, 2004. "Authorized accountants as a source of business advice for small firms", *International Small Business Journal* (22): 5-20.
- Nybø, Geir, 2004. "Personnel development for dissolving jobs: towards a competency-based approach?", *International Journal of Human Resource Management* (15): 549-564.
- Nybø, Geir, Kjell Grønhaug og Aslaug Mikkelsen, 2002. "Exploring the impact on deregulation on HRM: The case of the Norwegian energy sector", *International Journal of Human Resource Management* (13): 942-957.
- Nygaard, Arne, Sven A. Haugland og Aksel Rokkan, 2000. "Strukturell utvikling i norsk hotellvirksomhet: En preliminær analyse av agentkostnader og skalafortrinn", *Magma* (14), 2: 62-69.
- Olsen, Karen Modesta og Arne L. Kalleberg, 2004. "Non-standard work in two different employment regimes: Norway and the United States", *Work, Employment and Society* (18): 321-348.
- Olsen, Ole Johnny, 2004. "The Firm as a Place of Learning in Vocational Education. Results from Studies of Norwegian VET", i Rudolf Husemann og Anja Heikkinen (red.): *Marketising and Governance - Driving Forces of Vocational Education*. Frankfurt am Main: Peter Lang.
- Opedal, Ståle og Helge Strand Østtveiten, 2003. "Forvaltningsrevisjon til besvær. Reformen for å styrke kontrollen i norske kommuner", *Nordisk Administrativ Tidsskrift* (84): 250- 262.
- Opedal, Ståle, Inger Stigen og Thomas Laudal (2003): *Flat struktur og resultatenheter. Veien å gå for kommune-Norge?* Oslo: Kommuneforlaget.
- Opedal, Ståle og Inger Stigen (red.), 2005. *Helse-Norge i støpeskjeen. Søkelys på sykehusreformen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Rognes, Jørn Kjell og Per Kåre Sky, 2003. "Intervention methods in land disputes", *European Planning Studies* (11): 965-978.
- Rokkan, Aksel og Sven Haugland, 2002. "Developing relational exchange: Effectiveness and power", *European Journal of Marketing* (36): 211-230.
- Rommetvedt, Hilmar, 2002a. *Politikkens almenngjøring og den ny-pluralistiske parlamentarismen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Rommetvedt, Hilmar (red.), 2002b. *Matmakt. Politikk, forhandling, marked*. Bergen: Fagbokforlaget

- Rommetvedt, Hilmar, 2003. *The Rise of the Norwegian Parliament*. London: Frank Cass.
- Roness, Paul G., 2001. "Reforming central governments and parliaments: structural recoupling and institutional characteristics", *International Review of Administrative Sciences* (67): 673-690.
- Roness, Paul G., 2004. "State employees' unions and administrative reforms: comparisons between Sweden, Norway, Australia and New Zealand", *International Journal of Human Resource Management* (15): 466-474.
- Salaff, Janet W. og Arent Greve, 2003a. "Social networks and entrepreneurship", *Entrepreneurship, Theory and Practice* (28): 1-22.
- Salaff, Janet og Arent Greve, 2003b. "Gendered structural barriers to job attainment for skilled Chinese immigrants in Canada", *International Journal of Population Geography* (9): 443-456.
- Schei, Vidar og Jørn Kjell Rognes, 2003. "Knowing me, knowing you: Own orientation and information about the opponent's orientation in negotiation", *International Journal of Conflict Management* (14): 43-59.
- Selle, Per og Kristin Strømsnes, 2001. "Membership and Democracy", i Paul Dekker og Eric M. Uslander (red.): *Social Capital and Participation in Everyday Life*. London: Routledge.
- Stensaker, Inger, 2002. A change in plans. *A sensemaking perspective on strategy implementation*. Bergen: Norges Handelshøyskole, doktorgradsavhandling.
- Stensaker, Inger, Christine Meyer og Joyce Falkenberg, 2002. "Excessive change: Coping mechanisms and consequences", *Organizational Dynamics* (31): 296-312.
- Strand, Torodd, 2001. *Ledelse, organisasjon og kultur*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tønnessen, Tor, 2003. "Innovation through company-wide participation", *Business Excellence – making it happen*: 473-481.
- Wollebæk, Dag og Per Selle, 2002a. *Det nye organisasjonssamfunnet. Demokrati i endring*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Wollebæk, Dag og Per Selle, 2002b. "Does participation in voluntary associations contribute to social capital? The impact of intensity, scope, and type", *Nonprofit and Voluntary Sector Quarterly* (31): 32-61.
- Aase, Karina og Geir Nybø, under utgiving. Organizational knowledge in high-risk industries: Supplementing model-based learning approaches. *International Journal of Learning and Intellectual Capital*.